



Hordaland Fylkeskommune v/kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2858 - 16/22791

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

30.11.2016

Søknad om punktutbetring av eksisterande landbruksveg på Gbnr 25/13 på Fosse i Meland Kommune

Tiltak: Punktutbetring av eksisterande landbruksveg i om lag 45 meters lengde.

Gbnr: 25/13

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 23.12.2016

Meland kommune har motteke søknad frå Wilhelm Skråmestø om å få gjere ein punktutbetring på ein eksisterande landbruksveg på Fosse. Det vert søkt om å bredde ut vegen og auke bæreevna på vegen i om lag 45 m lengde.

Det er i samband med planlagd skogsdrift behov for å bredde ut vegen då denne er for smal for dagens skogsmaskiner. Det er planlagd å skyte vekk nokre knausar på vegens smalaste parti. Vidare er det trong for å auke bæreevna på en del av vegen der vegen ikkje har god nok bæreevne. Tiltaka er langs eit strekke på vegen på ca. 45 meter. Vegen er gardens gamle tilkomstveg til sjøen, og vert nytta til både jord- og skogsdrift. Utbetringa av vegen vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området på ein effektiv og økonomisk måte. For å drive kostnadseffektivt og sikre gode økonomiske rammer i skogbruket, er gode vegar eit viktig tiltak for å redusere driftsutgiftene.

Vegen har eit dekningsområde på ca. 28,8 daa produktiv skog, med ca. 200 m³ hogstmoden skog. Innafor vegens dekningsområde er det også ca. 26 daa jordbruksareal.

Ein utbetring av vegen vil i tillegg til betre økonomiske rammer vere viktig for gjennomføring av framtidige skjøtseloppgåver. Det vil lette tilkomst ved skjøtsel, og redusere kostnadane ved gjennomføringa av skjøtselstiltak. Utbetringa vil også styrke framtidige drifter då ein allereie har ein veg som tåler moderne skogsmaskiner.

Etter forskrift om planlegging og godkjenninga v landbruksvegar, Kap.3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3 - 1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommunen og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sender også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, for å belyse saka best mogleg.

Vedlagt følger søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Søknad om punktutbetring av eksisterande landbruksveg på Gbnr. 25-13 og kartvedlegg

Kopi til:

Willhelm Skråmestø	Fosse 147	5918	FREKHAUG
--------------------	-----------	------	----------

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune v/kultur- og idrettsavdelinga Meland kommune v/kulturavdelinga	5020	BERGEN